

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	24.11.2014
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	7-2014

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
28/14	Godkjenning av protokollar frå møte 8. september og 29. september 2014
29/14	Orientering frå administrasjonen om foreløpig rekneskap 2014 og forslag til budsjett 2015
30/14	Forvaltningsrevisjon: Økonomistyring
31/14	Årsplan 2015
32/14	Statusoversikt pr. november 2014

Referatsaker/meldingar

Periode:		18.11.2014 - 24.11.2014
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
7/14	13/00055-21	Melding om vedtak - Oppfølging politiske vedtak 2. halvår 2013 og 1. halvår 2014

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt. 988 06 776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Vikeså, 17.11.2014

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

28 / 14 Godkjenning av protokollar frå møte 8. september og 29. september 2014

Arkivsak-dok. 13/00050-15
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.11.2014	28/14

Protokoll frå møta den 8. september og 29. september vert lagt fram for kontrollutvalet til endelig godkjenning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokoll frå møte den 8. september 2014 og den 29. september 2014.

SANDNES, 22.10.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Protokoll frå møte 08.09.14](#)
[Protokoll frå møte 29.09.14](#)

[Tilbake](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

29 / 14 Orientering frå administrasjonen om foreløpig rekneskap 2014 og forslag til budsjett 2015

Arkivsak-dok. 13/00137-12
Arkivkode. 212
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.11.2014	29/14

Bakgrunn:

Sekretariatet har bedt rådmann/økonomisjefe om foreløpig rekneskap for 2014 - med bakgrunn i siste tertial. Det er bedd om at hovudvekta likevel vert lagt på orientering om budsjett for 2015/økonomiplan.

Kontrollutvalet er ikkje eitt av dei utvala som skal fatta vedtak knytt til budsjett og økonomiplan eller tertialrekneskapet. Det er likevel viktig at kontrollutvalet er godt orientert om kommunens budsjett og rekneskap, då kontrollutvalet skal koma med uttale til kommunens årsrekneskap.

Kontrollutvalet skal derfor kun ta denne saka til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar administrasjonens framlegg til orientering.](#)

SANDNES, 22.10.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Perioderapporten](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

30 / 14 Forvaltningsrevisjon: Økonomistyring

Arkivsak-dok. 13/00318-9
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.11.2014	30/14

Bakgrunn

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjonen «Økonomistyring» i møte den 25.11.2013. Formålet med prosjektet har vore å vurdere om budsjetteringa er realistisk og om det blir føretatt nødvendig budsjettoppfølging.

Ut frå dette vedtok kontrollutvalet å sjå nærmare på følgjande problemstillingar:

- *Hvilke budsjetterings- og rapporteringsrutiner har kommunen etablert og hvordan praktiseres de?*
 - *Hvilke styringsverktøy har kommunen til rådighet og hvilke benyttes?*
 - *Er budsjettene til ansvarene/virksomhetene realistiske?*
 - *Er budsjettoppfølgingen overfor ansvarene/virksomhetene god nok?*
 - *Den månedlige/tertielvise budsjettoppfølgingen.*
 - *Avviksrapporteringen.*
 - *Prognoser for resten av året.*
 - *Hvordan fungerer rapportering til folkevalgt nivå? Hvordan utøves politisk styring?*

Kontrollutvalet presiserte i bestillinga at revisor bør sjå nærare på muligheitene for månadsrapportering til formannskapet, samt om det er mogeleg for kommunen å få betre oversikt over forventa årlege pensjonsutgifter. I møte den 17.02.14 valte kontrollutvalet å justerte bestillinga, og bad om at revisor såg nærmare på utviklinga knytt til dei problemområda som kjem fram i rapporten ang. Budsjettstyring frå 2011.

Saksutredning

Kontrollutvalet har mottatt rapport frå den gjennomførte forvaltningsrevisjonen som no blir lagt fram til behandling i kontrollutvalet, med innstilling til kommunestyret.

Rapporten byggjer på gjennomgang av dokumenter, intervju, spørjeundersøking, rutinekartlegging og samanlikning med andre kommunar.

I rapporten kjem det i hovudsak fram følgjande funn:

- **Tidlegare forvaltningsrevisjon:** Gjennomgangen avdekka at vedtak frå kontrollutvalet ikkje er fylgt opp.
- **Styringsverktøy:** Kommunen bør i større grad periodisera budsjettet i Visma og dermed få betre økonomirapporter.
- **Pensjonsutgifter:** I perioden 2011 - 2013 har kommunen budsjettert med 3-4 millionar kroner høgare pensjonsutgifter enn det rekneskapet har vist. Kommunen budsjetterer pensjonsutgifter fast med 17% av lønskostnadene.

- **Realistiske budsjett:** Budsjetta til avdelingane er stort sett realistiske, men nokre kan synast overbudsjettert og nokre få underbudsjettert. Dei folkevalde blir i flg. revisor involvert for seint i budsjettprosessen.
- **Budsjettoppfølginga:** Kommunen har god budsjettoppfølgning ovanfor einingane, og jamt over er det god budsjettdisiplin. Den økonomiske situasjonen tas jamleg opp på leiarmøter og i rådmannens leiargruppe.
- **Rapportering til folkevalt nivå:** Budsjettet bør i større grad periodiserast og avvik bør komma tydeligare fram. Tertialrapporten bør bli meir lesarvennleg, og kommunen bør sette inn tiltak tidligare når utviklinga i einingane går mot overforbruk. Tiltak bør koma fram i tertialrapporten.
- **Månadsrapportering til formannskapet:** Kommunens månadsrapportering fungerer godt. Dei folkevalte bør få rapporten tilsendt i forkant av møtet.

Oppsummert anbefaler revisor følgjande:

- *Følgje opp forvaltningsrapporten i frå 2011 og utarbeide skriftlige rutinar for budsjettering og for risikovurderingar.*
- *Vurdere ein annan måte å budsjettere pensjonsutgifter.*
- *Legge opp til en grundigare budsjetteringsprosess, der en i større grad vurderer om det er forhold som gjør at budsjettet for noen avdelingar bør aukast eller reduserast i forhold til inneverande årsbudsjett.*
- *Gjennomføre budsjettendringar for investeringsregnskapet.*
- *Utarbeide betre oversikter i tertialrapporten der det kommer fram periodisert budsjett og avvik i kroner og på eit tidleg tidspunkt setja i verk tiltak dersom avdelingar eller kommunen totalt sett ikkje ligg an til å overhalda budsjettet.*

For utfyllande opplysningar og kommentarar vert det vist til rapporten.

I tråd med revisjonsforskrifta har rådmannen fått anledning til å uttale seg om rapporten. Rådmannen kommenterer kvart funn i si tilbakemelding og vil følgje opp anbefalingane.

Forskrifta pålegg kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til gjennomført forvaltningsrevisjon vert følgt opp av rådmannen. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak ca. 6 månader etter kommunestyret si behandling. Sak om oppfølging av rapporten vert vidaresend kommunestyret etter behandling i kontrollutvalet.

I medhald til Forskrift om kontrollutval § 11 gir kontrollutvalet si innstilling direkte til kommunestyret.

KONTROLLUTVALET INNSTILLER TIL KOMMUNESTYRET Å FATTA FØLGJANDE VEDTAK:

Kommunestyret i Bjerkreim tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Økonomistyring» til orientering.

Rapporten vert vidaresendt til rådmannen for oppfølging av rapportens konklusjonar og anbefalingar.

Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

SANDNES, 24.10.2014

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:

[RR Bjerkreim 2014 Økonomistyring](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

31 / 14 Årsplan 2015

Arkivsak-dok. 13/00217-28
 Arkivkode. 033
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.11.2014	31/14

Bakgrunn

Kontrollutvalets årsplan er ein overordna plan som dekkjer kjende aktivitetar til kontrollutvalet i året som kommer. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for kontrollutvalet, som gir oversikt over forventar aktivitet komande år. Årsplanen inngår i kontrollutvalets rapportering til kommunestyret.

Saksutredning

Planen gir kort oversikt over korleis kommunens system for kontroll og tilsyn er sett saman. Det finst vidare ei oversikt over saksbehandlinga i utvalet. Siste del av planen tar føre seg kva for oppgåver kontrollutvalet ventar å arbeida med i året som kommer.

Som vedlegg til planen ligg ei oversikt over oppgåver fordelt ut over dei ulike møta i vedtatt møteplan for 2015. Planen er ikkje ufråvikeleg eller statisk. Undervegs kan det komma endringar ved at rapportar el. l. blir forseinka eller flytt til seinare møte på grunn av saksmengd. Det kan og dukka opp andre saker undervegs som kontrollutvalet vel å behandla.

Dersom kontrollutvalet vil endra planen, vil vedtatte endringar bli tatt inn av sekretariatet før vidaresending av planen til kommunestyret. Planen vil og bli oppdatert med det forvaltningsrevisjonsprosjektet som til slutt vert valt, jf. sak ang. evt. ny gjennomgang av skulemiljøet, (kommunestyremøtet 26/11-14).

Som nemnt innleiingsvis inngår årsplanen i kontrollutvalets rapportering til kommunestyret. Den vedtatte planen vert derfor sendt kommunestyret til orientering

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar den framlagte årsplanen for 2015.
 Planen vert vidaresend kommunestyret i Bjerkreim til orientering.

SANDNES, 22.10.2014

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Vedlegg:
[Utkast til plan](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

32 / 14 Statusoversikt pr. november 2014

Arkivsak-dok. 13/00051-22
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.11.2014	32/14

Bakgrunn:

Denne oversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går fleire møter. Det gjeld først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som skal følgjast frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. I tillegg vil òg andre type saker som krev oppfølging bli tatt inn i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing:

Oversikta inneheld tabellar over prosjekt som kontrollutvalet arbeider med eller som er ferdigstilte. Først ei oversikt over pågåande prosjekt, deretter ei oversikt over prosjekt som er behandla i kontrollutvalet, men der oppfølging av kommunestyrets vedtak ventar og til slutt ei oversikt over ferdigstilte prosjekt i den inneverande perioden.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskjeleg å prioritera andre tiltak. Nye plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møte er følgjande til behandling:

- Behandling av forvaltningsrevisjon «Økonomistyring»

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikt pr. november 2014 til orientering.](#)

SANDNES, 02.10.2014

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Vedlegg:

[Statusoversikt pr. november 2014](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

Referat- / meldingssaker:

7/14 [Melding om vedtak - Oppfølging politiske vedtak 2. halvår
2013 og 1. halvår 2014](#)

[Tilbake](#)